



No er det 24 arbeidstakarar ved AFA, men det er gjeve grønt lys for ein auke med tre. Desse fem driv med betong og metall: Frå venstre står Torolf Bondhus, Åge Thorkildsen, Alf Erling Hardeland, Kari Røen og Ove Sæbøe (nestleiar). (Foto: Ola Matti Mathisen).

Rådmann Trond Sætereng har meldt til AFA at kommunen framleis er interessert i å bidra til at talet på arbeidstakarar ved bedrifta vert auka med tre. Auken er lagt inn i budsjettet for 2007. Det har lenge vore behov for auke og kommunen har stilt seg positiv, men NAV (før Aetat) har til no ikkje kunna prioritere ei utviding. No sysselset AFA 24 yrkeshemma arbeidstakarar.

Det som no fekk saka på glid var at NAV Hordaland før jul varsla ei opptrapping med tre plassar. AFA følgde opp med å streka under behovet og opplyste at det for tida er seks kandidatar til plassane.

Styreleiar Hans J. Berge og dagleg leiar Jan Frank Christiansen bad kommunen om at den snarast råd tok stilling til om den ville bidra til ein slik plassauke.

Dei slo fast at den vil vera eit gledeleg nyhende i utviklinga av lokale tiltak for dei som elles fell utanfor arbeidslivet.

Den kommunale medfinansieringa for dette året er 27.930 kroner pr. plass og den utløyser statleg medfinansiering på 111.720 kroner. Samla sum for 2007 når det gjeld plassauke vil difor ikkje overstige 80.000 i meirkostnad for kommunen.

Kommunen er hovudaksjonær i AFA og eig 90 prosent av aksjane, Verksemnda vert styrt av overordna retningslinjer mellom anna frå NAV arbeid, som og yter 80 prosent av driftstilskotet. Dei resterande driftsmidlane vert dekkja av kommunen og følgjer sentralt normerte og årleg justerte satsar.

Dei som er tilnyttta AFA er trygdebrukarar som ikkje kan konkurrera på den opne marknaden og som ville ha vore utan arbeid hvis AFA ikkje hadde eksistert.

- Vi lever ikkje av "slavearbeid" men av det vi får frå det offentlege. Det er ei etisk ryddig ordning, har Jan Frank Christiansen tidlegare sagt til Uskedalsposten.

Av Ola Matti Mathisen